

Høyringsfråsegn til utviklingsplan Helse Fonna 2018 – 2035

Viser til brev av 9. april 2018 med utkast til utviklingsplan og invitasjon til å komme med høyringsfråsegn.

Utviklingsplan Helse Fonna 2018 – 2035 er eit omfattande dokument som i sum gir eit samla bilde på no-situasjonen og kva for grep Helse Fonna meiner må til for å møte dei utfordringane som ligg føre.

Sett frå Helse Bergen sin ståstad, er samhandling og oppgåvedeling med andre helseføretak viktige perspektiv i utviklingsplanen.

Helse Fonna skriv i punkt 4.3.1 at innbyggerane i opptaksområda til Stord sjukehus og Odda sjukehus nyttar tenestetilbodet ved omkringliggande sjukehus i større grad enn kva funksjonsfordeling og samla tenestetilbod i Helse Fonna skulle tilseie.

I punkt 6.1.1 legg Helse Førde opp til ulike tiltak for å halde på eigne pasientar. I dette punktet tar utviklingsplanen også opp dei regionale prosjekta knytt til kreftkirurgi og anna elektiv kirurgi og barnekirurgi. Nasjonal helse- og sykehusplan legg vekt på omgrepet «sjukehus i team». I det legg Helse Bergen å sentralisere det som må sentraliserast, desentralisere det som kan desentraliserast og samarbeide og fordele oppgåver slik at dei samla ressursane blir utnytta på best mogleg måte.

Nye teknologiske løysingar vil, slik Helse Fonna påpeiker, kunne gjere det lettare å samarbeide om pasientforløp. Helse Fonna legg opp til ein uendra sjukehusstruktur i planperioden, og Helse Bergen legg då til grunn at det ikkje er planlagt strukturendringar endringar som vil påverke pasientstraumane i stor grad.

Helse Fonna har peika ut ei lang rekke tiltaksområde som oppsummering av utviklingsplanen. Her er mange gode og viktige tiltak som vil vere med på å skape pasienten si helseteneste, men vi saknar punkt som vil ta vidare den viktige samhandlinga med andre sjukehus i regionen ut frå drøftinga tidlegare i plandokumentet, jamfør det som blir skrive i punkt 6.1.1 om kva for tilbod som skal fordelast mellom dei store og dei litt mindre sjukehusa og moglegheiter som ligg i utviklinga av teknologien i punkt 6.9.

Haukeland universitetssjukehus som regionsjukehus er opptatt av å vidareutvikle god samhandling og oppgåvedeling med alle sjukehusa i regionen. Det gjeld mellom anna på dei områda som Helse Fonna tar opp i sin utviklingsplan og når det gjeld utdanning og kompetansebygging. Beredskap ved store hendingar er også viktig for sjukehus i nettverk.

Vennleg helsing

Clara Gram Gjesdal

Viseadm dir

Haukeland Universitetssjukehus – Helse Bergen